

BERGEN KOMMUNE  
Postboks 7700  
5020 BERGENDato: 19.02.2018  
Vår ref.: 2017/2348-6  
Saksbehandlar: erlhofs  
Dykkar ref.:

## Kong Oscars gate 70 i Bergen. Fredingsforslag til andre gongs høyring

I medhald av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd eit forslag til freding av Kong Oscars gate 70 i Bergen. Fredingsforslaget vart sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn 3. mars 2017. Ved ein inkurie vart fredingsforslaget ikkje sendt ut til alle mottakarane, og det vart difor sendt ut på nytt 14. juni 2017 til dei dette gjaldt, med ny høyringsfrist.

Det kom inn tre høyringsfråsegner. Bergen kommune ved byrådet har fatta følgjande vedtak: «Bergen kommune er positiv til framlegg om freding av Kong Oscars gate 70, og har ingen andre merknader til framlegget.». Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune har gjort følgjande samrøystes vedtak: «Fylkesutvalet sluttar seg til fredingsforslaget for Kong Oscars gate 70. Fredinga vil gi eit varig vern til eit arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på eit bygardsanlegg i jugendstil og bidra til ei meir representativ fredingsliste.»

Olav Todnem, på vegne av eigarane, gjer merksam på at bygget har lekkasjar og fuktproblem, og peikar på fleire tiltak som er naudsynte for å bøta på dette (fleire ventilar i ytterveggene, beslag under vindauga, reparasjon av balkongar i bakgården). Desse tiltaka vil etter vår vurdering ikkje ha vesentleg verknad på kulturminneverdiane og kan handsamast gjennom dei ordinære prosedyrane for dispensasjon frå fredingsvedtak. At bygningen er i god stand og lar seg bruka som bustader, er i eigarane og kulturminnestyresmaktene si felles interesse.

Fylkeskommunen kan soleis ikkje sjå at høyringsmerknadene gir grunn til endringar i fredingsforslaget.

I kulturminnelova § 22.3 heiter det: «Før vedtak om fredning treffes, skal forslaget forelegges kommunestyret. Det kan settes en frist for kommunestyrets uttalelse.». På dette grunnlaget vert saka lagt fram for Bergen bystyre. Høyringsfråsegnene og kommunestyret si handsaming vil inngå i ei ny vurdering av fredingsforslaget i fylkeskommunen. Saka vert så oversendt Riksantikvaren, som gjer det endelege vedtaket om eventuell freding.

Av omsyn til den vidare sakshandsaminga ber vi om at fråsegna frå Bystyret kan ligga føre så snart som råd, og ikkje seinare enn tre månader etter at saka er motteke.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
RIKSANTIKVAREN  
SAMEIET KONG OSCARS GATE 70

Vedlegg

- 1 Fredingsforslag
- 2 Kulturminnedokumentasjon
- 3 Høyringsfråsegn Bergen kommune
- 4 Høyringsfråsegn fylkesutvalet i Hordaland
- 5 Høyringsfråsegn eigarane